



Time sokneråd

Postboks 373
4349 BRYNE
Tlf: 51 77 03 77
Faks: 51 77 03 60

Bryne 02.02.2010

Referat frå møte i Time sokneråd 2010 - 2011

Møtedato: 28.01.2010
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Kyrkjekontoret

Tilstede:

Amund Undheim, Arne Heggheim, Irene Time Grødem, Marit Hallaråker Fotland, Solveig Hodne Hetland, Hermund Lende, Elisabeth S Obrestad.

Andre:

Prost Kjell Børge Tjemsland

Meldt forfall:

Gunnar Frøyland, Torleif Vestly.

Referat

Innkalling og referat er godkjent.

Kjell Børge Tjemsland snakka over tema som:

- Åndeleg leiarskap
- ”Jesus stolthet”
- Vera misjonal kyrkjelyd
- Tenkje nytt omkring gudsteneste
- Menighetsutvikling
- Trusopplæring
- Bedehus/kyrkje

Samtale.

Sak 001/10 Nytt altersølv.

Vedtak:

Altersølv er kjøpt inn hjå Jæren gull og sølvsmie, (då dei kom med eit betre tilbod enn sølvsmeden på Finnøy sak 008/09).

Sak 002/10 Barnearbeid Time kyrkjelyd.

Vedtak:

Time sokneråd løyver kr 5.000,- til barnearbeid kring gudsteneste.

Sak 003/10 Konfirmantfest.

Vedtak:

Forslaget blei nedstemt i Undheim sokneråd.

Time sokneråd vil ta dette opp til ny vurdering når kommunestyret har avgjort skulesituasjonen i Time.

Sak 004/10 Årsmøte eller årsfest?

Vedtak:

Time sokneråd har sitt årsmøte søndag 14. mars 2010, på kyrkjetorget, rett etter gudsteneste.

Sak 005/10 Offer Time kyrkje 1. juledag.

Vedtak:

Time sokneråd går inn for at ein frå 2010 tek inn offer 1. juledag i Time kyrkje.

Sak 006/10 Støtte til musikarar som deltek på gudsteneste.

Vedtak:

Søknad om støtte til leige av musikarar ved gudsteneste i Time kyrkje er innvilga.

Sak 007/10 Økonomi Løvegjengen.

Vedtak:

Time sokneråd løyver kr 2.000,- årleg til Løvegjengen.

Sak 008/10 Misjonsavtale TSR og NMS.

Vedtak:

Time sokneråd går inn for å fortsetje misjonsavtalen med NMS, *prosjekt BARA – landsbyutvikling på Madagaskar*, dette er eit konkret prosjekt som passar godt i Time.

For Time sokneråd

Elisabeth S. Obrestad
Sekretær